



NVE

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

29.03.17

## **Uttale vedr. søknad om uttak av vatn frå Onarheimselva og regulering av Onarheimsvatnet – Tysnes Kommune i Hordaland**

Tysnes jakt og fiskelag har som medlem av NJFF i Hordaland mottatt dokument i samband med Onarheim Bruk AS sin søknad om regulering og uttak av vatn frå Onarheimselva. Vi har generell interesse av vassdrag i kommunen, og særleg interesse når det gjeld den svært sårbare bestanden av sjøaure og vill laks i ytre Hardangerfjord.

Sjøaure bestanden har vore særleg utsett pga. stor oppdrettsaktivitet og dermed stor luseproblematikk i området. Derfor var det med undring at vi fekk denne høyringa når vi veit at Onarheim Bruk AS har lagt produksjonen om til rensefisk (Rognkjeks) og har fått godkjend tillatelse til dette. I konsesjonen / tillatelsen frå Fylkesmannen i Hordaland kjem det klart frem at tillatelsen / løyvet erstattar tidlegare vedtak ref. frå tekst:

***Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter Akvakulturlova.***

Erstattar tidlegare vedtak, anlegget produserer dermed rensefisk og bruker sjøvattn og ikkje ferskvattn. Produksjonen av rensefisk er positiv med omsyn til reduksjon av lus og dermed betringspotensiale spesielt for den sårbare sjøauren. Dette gjenspeiler seg i fylkesmannens vurdering, ref. Frå tekst:

### ***Vurdering***

***Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Søknaden gjeld omlegging av produksjonen i eksisterande settefiskanlegget for laks og aure til produksjon av reinsefisk av rognkjeks og berggyllt.***



Det er og lagt vekt på de positive innverknadane på vassdraget i forhold til sjøaure og villaks bestand ref. frå tekst:

### **Vassdraget**

***Omlegginga til produksjon av marin fisk inneber redusert utnytting av eksisterande konsesjon for uttak av ferskvatn frå Onarheimsvassdraget.***

### **Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv**

***Tiltaket fører til redusert mogleg påverknad på laksefisk/innlandsfisk i området då det ikkje lenger skal vere laksefisk i anlegget.***

Alt dette med omlegging til rensefisk-produksjon er positivt for sjøaure og villaks bestanden i Onarheimselva. Det er vanskeleg for oss å forstå at det plutselig er behov for konsesjon for uttak av vann frå elva til smoltproduksjon når dagens produksjon er rensefisk og ikkje smolt.

Når en ser på investeringar i anlegget, og det ein høyrer om planlagde investeringar i bygningsmasse og teknologi for produksjon av rensefisk gjer ikkje konsesjonssøknaden nokon mening.

Når ein les vedlegget frå Onarheim Bruk sin konsesjonssøknad på side 15, er det gjort ei bestandsvurdering på ungfisk produksjon i elva i 2010. Resultatet av fangsten viste ein estimert tettheit på 10,1 aure og 20,2 laks pr. 100m<sup>2</sup> den totale tettheita på 30,3 individ per 100m<sup>2</sup> tilsvara tilstand *god til svært god på ungfisk på 1 år eller meir*. Det er og merka seg at det ikkje blei fanga årsyngel, men dette er eit problem som kan skrivast tilbake til turrlegging og eller frost i periodar, noko som burde betre seg nå behovet for uttak av ferskvatn er vekke og/eller mindre.

Vi meina at konsesjonsbehovet ikkje eksisterer for dagens produksjon av rensefisk. Vi meia og at vassdraget heller skulle gjennomgått ei oppreinsking av elveløp og dermed moglegheit for spesielt sjøauren å vandre ca. 100m lenger opp i vassdraget enn i dag utan spesielle tiltak. Ut ifrå lokale fiskarar si erfaring var det tidlegare ikkje uvanleg å få sjøaure ovanfor der inntaket for ferskvatn er i dag opp til den «store hølen» under neste foss. Dette burde vore gjort når en ser på ungfiskproduksjons potensiale som er dokumentert iflg. Rådgivende Biologers undersøking. Dette kan være et lite men viktig bidrag for å betre vilkåra for den svært sårbare og lave sjøaure bestanden i området.



### **Utdrag av artikkel for forbedring av sjørret vassdrag i Trondheimsfjorden:**

*For å bygge opp sjørretbestanden igjen anbefaler DN (Direktoratet for naturforvaltning) ulike tiltak, herunder reduksjon av trusler fra marine fiskerier og fiskeoppdrett, ulike vernetiltak samt habitattiltak. Den delen som vi som forvalter sjørreten i elvene kan påvirke direkte er vernetiltak og habitattforbedrende tiltak. Det er i dag ikke mulig å innføre strengere vernetiltak i elvefasen til sjørreten i de fleste elvene, men det er mulig å forbedre vilkårene i elva.*

*I motsetning til laksen gyter sjørreten helst i mindre bekker og sideløp. Bekkene er utsatte habitat som lett kan bli alvorlig påvirket. Tørke, flom, forsuring, forurensning, jordbruk, graveaktivitet og redusert tilgjengelighet ved stenging av vandringsveier med kulverter er eksempler på aktiviteter som kan ta knekken på flere årskull ørrettyngel i slike bekker.*

### **Vanndirektivet og vannforskrifta**

EUs vann direktiv har blitt gjort gjeldande for Norge gjennom vann forskrifta. Den skal sikre ei berekraftig bruk av vassdrag og at miljømål nåes. Fiskefaunaen inngår som eit av kvalitetselementa som skal overvakast og klassifiserast, der bl.a. laksefisk vil bli ein sentral indikator på om målet om tilstrekkeleg gyte-/oppvekst, vandrings- og spreingsveier nås. For fiskesamfunn i Norge, spesielt laksefisk, betyr dette større fokus på dagens hydromorfologi kopla opp mot naturtilstand, og ei meir tiltaksretta overvaking med identifisering av problempunkt i vassdraget, som skal bidra til å nå miljømål. Mykje tyder på at det i framtida vil bli større fokus på restaurerings og biotopjusterande tiltak, i motsetning til økt satsing på utsetting av kultivert fisk.

Det er ønskeleg å betra eigenrekrutteringa i elva i forhold til dagens situasjon, og på denne måten å sikre genetiske mangfald og overleving i framtida, samtidig som dette kan være et viktig bidrag til å tilfredsstille EU's krav om "Godt Økologisk Potensiale" i elvene i vårt lokalsamfunn.

**Med helsing**

**Tysnes Jakt- & Fiskelag**

Bjarte Erstad  
Leiar